

Fra: Olve Grotle (olve.grotle@sunnfjord.kommune.no)

Sendt: 07.04.2020 09:22:20

Til: Vestland fylkeskommune; dina.lefdal@vlfk.no

Kopi: Kjetil Høgseth Felde; Ole André Klausen; Jenny Følling

Emne: Opprusting av FV 57 Dale-Storhaug som tiltakspakke

Vedlegg:

Hei,

På bakgrunn av situasjonen i næringslivet i Sunnfjord ønsker Sunnfjord, Fjaler og Askvoll kommunar å spele inn utbetring av flaskehalsar på FV 57 Dale – Storehaug til ein tiltakspakke på fylkesvegnettet i Vestland.

Fylkesveg 57 Dale – Storehaug ligg på andre plass på marginallista i Regionale Transportplanen for Sogn og Fjordane. Det er sett av kr. 60 millionar til utbetringstiltak i fylkesbudsjettet for 2019. Vi forstår det slik at disponering av desse midlane kjem opp som eiga sak i Samferdsle og mobilitet (SAMO) i april.

FV 57 Dale – Storehaug har svært dårlig standard. Vegen er smal og svinget, og mange stader er det ikkje passering for to små bilar. Trafikken har auka på etter at Dalsfjordbrua opna i 2011 og ny tømmerkai opna i Dalsfjorden no i vår. FV 57 er pendlarveg Dale-Førde, Bygstad – Førde og dertil innmatingsveg på E39. FV 57 er òg tilførselsveg til Førde Lufthamn. Auka trafikk på den smale og kronglete vegen har medført dårligare framkomst, og generelt er vegen ein hemsko for vidareutvikling av området som eit felles bu- og arbeidsområde.

På bakgrunn av situasjonen i næringslivet i regionen vår ønsker vi å utbetring av flaskehalsar og møteplassar på fylkesveg 57. Dersom det kjem ein statleg krisepakke som kan brukast til fylkesvegnettet, vil dette vere prosjekt som relativt raskt kan settast i gang.

Sunnfjord, Fjaler og Askvoll kommunar ber om at det blir prioritert 50 mill. møteplassar og utbetring på flaskehalsar til Strekninga Storehaug-Bygstad. Vi er også samde om at det vil gje best effekt å bruke dei løvvde 60 millionane på strekninga Dale-Osen.

Fylkesordførar Jon Askeland har engasjert seg for å få sett i verk tiltak for å styrke næringslivet, og er opptatt av kva tiltak Vestland kan bidra med. Kommunar og offentleg sektor kan spele ei viktig rolle og bidra i den nasjonale dugnaden for å sikre livsgrunnlaget for enkeltpersonar, bedrifter og organisasjonar. Koronasituasjonen har ført til full oppbremsing av aktiviteten i store deler av næringslivet. Det er stort behov for investeringar og vedlikehald på fylkesvegnettet, og å sette i verk tiltak her vil vere ein vinn vinn situasjon.

Med vennleg helsing

Olve Grotle

Ordførar

Sunnfjord kommune

Sentralbord: +47 57 72 20 00

Mobil +47 95 20 79 29

www.sunnfjord.kommune.no